



Arkivnr: 2017/732-204

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		11.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

### Søknad om fritak frå verv som varamedlem til yrkesopplæringsnemnda - elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant

#### Samandrag

Kristin Elisabeth Horne Moe har søkt om permisjon frå hennar verv i yrkesopplæringsnemnda. Moe er varamedlem i yrkesopplæringsnemnda frå elev-/lærling-/lærekandidatane. Ho søker permisjon grunna at ho er gravid og sjukmeld, samt at ho har lang veg til møta i yrkesopplæringsnemnda. Det vert søkt om permisjon fram til ho er tilbake frå foreldrepermisjon hausten 2019.

Då permisjonen i realiteten varer ut valperioden, har administrasjonen vald å tolke søknaden, som ein søknaden om fritak. Administrasjonen har vore i kontakt med Moe, som stadfestar at søknaden gjeld ut valperioden og i realiteten er ein søknad om fritak. Dette har ho stadfesta skriftleg.

Fylkesrådmannen rår til at Kristin Elisabeth Horne Moe får fritak frå vervet som varamedlem i yrkesopplæringsnemnda, frå elev-/lærling-/lærekandidatrepresentantane fram til hausten 2019 i den tida ho er sjukmeld og deretter i foreldrepermisjon.

Dersom det vert innstilt på at Kristin Elisabeth Horne Moe får fritak frå vervet som vararepresentant i yrkesopplæringsnemnda, for elev-/lærling-/lærekandidatane, må det gjerast innstilling til nytt val, for den tida ho har fritak.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

#### Forslag til innstilling

1. Kristin Elisabeth Horne Moe får fritak frå verv som varamedlem til yrkesopplæringsnemnda frå elev-/lærling-/lærekandidatrepresentantane, i tida 01.12.2018-30.11.2019.
2. For den tida Kristin Elisabeth Horne Moe har fritak gjer fylkestinget slikt val:

Varamedlem til yrkesopplæringsnemnda frå elev-/lærling-/lærekandidatrepresentantane:

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.11.2018

Kristin Elisabeth Horne Moe har i E-post av 8.11.2018 søkt om permisjon fra vervet som varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda. Ho skriv:

*«Jeg vil med dette søke om permisjon frå mitt verv i Yrkesopplæringsnemnda. Jeg er gravid og har termin i slutten av april. Jeg er ikkje i fysisk god form no, og har derfor også fått 50 % sykemelding frå jobb. Å reise så langt og sitte i så lenge i løpet av en dag er ikkje bra for meg no. Derfor vil jeg søke permisjon fram til jeg er tilbake fra foreldrepermisjon engang på høsten 2019.»*

Moe vart vald som varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda i vedtak i fylkestinget den 13.12.2018.

Yrkesopplæringsnemnda skal føre tilsyn med bedriftsopplæringa i Hordaland. Yrkesopplæringsnemnda har eit utviklingsansvar, og skal ta initiativ til å fremje fagopplæring i arbeidslivet. Nemnda er rådgjevar for styresmaktene i fylket når det gjeld opplæring i fag under opplæringslova. Dette gjeld opplæring i bedrift og i skule. Nemnda har også ei viktig oppgåve med å informere skulelevar om dei mulighetene som ligg i ei fagutdanning. Yrkesopplæringsnemnda er sett saman av politikarar og representantar frå arbeidslivet.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) regulerer samansettninga og funksjon for yrkesopplæringsnemnda.

Det går fram av opplæringslova § 12-3 at:

*«Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4. Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakar organisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst ein representant for elevlar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lærekandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.»*

### Rettsleg grunnlag:

1. Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vansklighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» ....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

2.Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

- «1. *Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*
- 2. *Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*
- 3. *Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*
- 4. *Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*
- 5. *Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*
- 6. *Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underetter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

1. Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

- «1. *Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.*
- 2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppen medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.
- 3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»

#### **Vurdering:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller for resten av valperioden, den som ikkje uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet. Problemstillinga her er om Kristin Elisabeth Horne Moe kan skjøtte sine pliktar som varamedlem i Yrkesopplæringsnemnda, frå elev/lærlinge/lærekandidatane utan uforholdmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører.*»

Moe skriv at ho er gravid, ho har dårlig fysisk form og er 50 % sjukmeld. Ho er busett i Odda kommune. Møta i Yrkesopplæringsnemnda er i Bergen kommune. Ho har difor ein lang reiseveg når ho skal vere tilstades på møta. Ho skriv at det å reise så langt og sitte lenge i løpet av ein dag, er ikkje bra for ho no. Det at ho er varamedlem gjer det ikkje vanskeleg eller til ein belastning å skjøtte sine plikter i vervet. Det er fyrst når det faste medlemmet melder forfall til møta og ho vert kalla inn som varamedlem, at det kan bli

vanskeleg for ho å skjøtte vervet. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak, er det fylkesrådmannen si vurdering at vervet som varamedlem i Yrkesopplæringsnemnda blir vanskeleg å følge opp på ein god måte når ho er sjukmeld, har lang veg til møta i Yrkesopplæringsnemnda og på eit seinare tidsrom er i foreldrepermisjon. Det vert vanskeleg for Moe å skjøtte sine pliktar i vervet som varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda i denne perioden. I kommentarane til kommunelova vert det mellom anna vist til at fritaksgrunn vil i første rekke därleg helse eller andre velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle dei pliktar vevet medfører. Fylkesrådmannen finn at vilkåra i kommuneloven § 15 nr. 2 er oppfylt. Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt fritak og føreteke eit suppleringsval.

Dersom Moe får fritak frå vervet som varamedlem i Yrkesopplæringsnemnda, skal det veljast varamedlem for Yrkesopplæringsnemnda, frå elev/lærlinge/lærekkandidatane for den tida ho har fritak. Kommunelova § 16 nr. 5 og nr. 6 regulerer dette forholdet.

I Hordaland fylkeskommune har ein avtaleval, Jfr. kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarande. Valet vert gjennomført med forslag til varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda.